



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

MOTTATT VED
FORSVARETS POSTMOTTAK

29 MAI 2017

Ordførar Lena Landsverk Sande

Saksnr
2017/308

Lopenr/Arkiv
3269/2017 / X10

Dykkar ref.

Avd/Saksansvarleg
SER / NORAND

Dato
22.05.2017

MELDING OM VEDTAK

Veteranplan for Vanylven kommune

Kommunestyret handsama i møte den 16.05.2017 – sak 51/2017. Følgjande vedtak vart fatta:


Vanylven kommune vedtek vedlagd Veteranplan slik han ligg føre med tiltaksdel.

Kommunen sin veterankontakt skal vere ordføraren.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:

Vanylven kommune


Kåre Kvangersnes

Konsulent

Kopi: Forsvarets veteranjeneste, postboks 800 Postmottak, 2617 Lillehammer

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i>	<i>Arkiv:</i>	<i>Avd/Saksansv:</i>
2017/308	X10	RÅD/NORAND

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
65/2017	Formannskapet	09.05.2017
51/2017	Kommunestyret	16.05.2017

Veteranplan for Vanylven kommune

Tilråding:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune vedtek vedlagt Veteranplan slik han ligg føre med tiltaksdel.

Kommunen sin veterankontakt skal vere ordføraren.

Vedlegg

- 1 Forsvarets veteranjeneste, brev til ordførarane mars 2017
- 2 Veteranplan for Vanylven kommune mai 2017

Uprenta saksvedlegg:

- Forsvarets grunnlagsdokument for utarbeiding av veteranplanar (udatert)

Samandrag av saka:

Når Vanylven kommune no utarbeider ein veteranplan, er det for å anerkjenne veteranane som høyrer heime i vår kommune, og setje tydelegare fokus på ivaretaking og oppfølging. Dette etter oppmoding frå Forsvarets veteraneneste, jfr. brev til landets ordførarar frå 3.mars i år. Men eigentleg er brevet like mykje ei påminning om kommunen sine ansvarsområde for denne gruppa.

Saksopplysningar:

Heile 100.000 norske kvinner og menn har tenestegjort i Forsvaret sine internasjonale operasjonar etter 2. verdskrigen. Dette er erfarte soldatar med praktisk erfaring frå krevjande oppdrag, i komplekse situasjonar og i møte med vanskelege verdispørsmål. Deltaking i internasjonale operasjonar er ein viktig del av Forsvaret si verksemد, og veteranane frå internasjonale operasjonar utgjer ryggrada i det norske Forsvaret. Dei er ein viktig ressurs, og har mykje erfaring og kompetanse som er verdifull for (lokal-)samfunnet.

Når Vanylven kommune no utarbeider ein veteranplan, er det for å anerkjenne veteranane som høyrer heime i vår kommune, og setje tydelegare fokus på ivaretaking og oppfølging. Dette etter oppmoding frå Forsvarets veteraneneste, jf. brev til landets ordførarar frå 3.mars i år. Men eigentleg er brevet like mykje ei påminning om kommunen sine ansvarsområde for denne gruppa. Regjeringa er i handlingsplanen «I teneste for Norge» frå 2014 klar på at Forsvaret dei siste ti åra har gjort mykje for å betre situasjonen for personellet som har delteke i internasjonale operasjonar. Samtidig er Regjeringa klar på at sivil sektor (les: kommunane) skal ta eit større ansvar for å sikre at den enkelte får den hjelp og støtte dei treng og har krav på.

Kommunane spelar altså ei sentral rolle i dette arbeidet og det er i Regjeringa sin handlingsplan gjort klart at det er på kommunalt nivå ein vurderer utfordringane som størst, knytt både til anerkjening, ivaretaking og oppfølging av veteranane.

I praksis er det altså i kommunane at utøvinga av det felles samfunnsansvaret vil kome tydelegast til uttrykk. I oppfølgingsplanen oppfordrast kommunane til å utarbeide kommunale veteranplanar. Slike veteranplanar er ei anerkjening i seg sjølv. Planen er på ingen måte altomfattande, men skal vere eit praktisk verktøy – for kommunen og til veteranane sitt beste.

Vurdering og konklusjon:

Planen er enkel i form og omfang. Det er ikkje meiningsa at kommunen skal ta hand om alle behov veteranar har av plager etter å ha tenestegjort for landet. Dette har Forsvaret sjølv eit apparat for saman med det ordinære helsevesenet. Det er likevel slik alle veteranar bur i ein kommune, og det kommunale ansvaret er eintydig. Planen skal bidra til at veteranane får anerkjening, ivaretaking og oppfølging.

Fiskå, 04.05.2017

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes tilråding som framlegget.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune vedtek vedlagd Veteranplan slik han ligg føre med tiltaksdel.

Kommunen sin veterankontakt skal vere ordføraren.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedtak som framlegget.

VEDTAK:

Vanylven kommune vedtek vedlagd Veteranplan slik han ligg føre med tiltaksdel.

Kommunen sin veterankontakt skal vere ordføraren.



VETERANPLAN

FOR

VANYLVEN KOMMUNE



8. MAI 2017

1. Innleiing

Utgangspunktet for utarbeiding av kommunal veteranplan er Forsvarets veteranjeneste sitt oppmodingsbrev om dette til alle ordførarane i landet, datert 3.mars 2017. Kommunen vert mint på å synleggjere kommunen sitt ansvar for å anerkjenne, følgje opp og ivareta veteranane frå internasjonale operasjonar etter 2. verdskrigen.

Generalløytnant Robert Mood skriv følgjande i sitt forord til Veteran forbundet sin siste rapport «Når innsatsen ute gir utfordringer hjemme» (24.mars 2017): *«Forsvaret er ikkje først og fremst fly, fartøy og våpen. Forsvaret er framfor alt menneske. Menneske i samspel for å løyse krevande oppdrag på våre vegner. Menneske med lojalitet til nasjonen, oppdraget og avdelinga. Dei fleste kjem heim med nyttige erfaringar og større evne til å meistre krevande samspel. Kontinuerleg arbeid i tiåra som kjem, og nødvendig vidareutvikling av veteranarbeidet for framtidige generasjoner, handlar til sjuande og sist om å ivareta vår nasjonale sjølvrespekt.»* Anerkjenning, ivaretaking og oppfølging er sentrale stikkord i den samanheng, og utgjer rammene rundt denne planen.

Kort oppsummert omfattar kommunen sin veteranplan følgjande:

- **Veteranane fortener å verte anerkjende for sin innsats.** I tillegg til den nasjonale anerkjenninga gjennom forsvaret sine organ, kan lokale myndigheter gjere meir for å løfte fram, heidre og verdsette veteranane sin innsats.
- **Nokre veteranar slit med traume og skada etter utenlandstenesta.** Nokre av desse opplever ikkje å ha reell tilgjengeleghet til nødvendige hjelpetenester. Dette kan gjelde både fysiske, psykiske og sosiale behov. Det er viktig både at hjelpa er tilgjengeleg og at tenesta har nødvendig kompetanse, og vert ytt på ein måte som gjev veteranane nytte og verdigheit.

2. Statlege føringar

Samfunnet har eit klart ansvar for å ivareta personellet og deira næreste når Forsvaret tek del i internasjonale operasjonar (Prop.73 S, 2012). Dette arbeidet føreset felles plikter og samarbeid på tvers av departement og sektorar. Militært personell i internasjonale operasjonar er i teneste på vegner av den norske stat. Regjeringa sin handlingsplan «I tjeneste for Norge» kom i 2013. Målet med handlingsplanen var å styrke oppfølging og ivaretaking av personell frå internasjonale tenester for Norge; før, under og etter tenesta. Handlingsplanen la føringar for å styrke samfunnet si anerkjenning og ivaretaking av personellet. Regjeringa vil spesielt fokusere på veteranar som ein viktig ressurs for det norske samfunnet og som viktige bidragsytarar i arbeidsliv og lokalsamfunn. Dei fleste kjem styrka heim frå internasjonale oppdrag, men dei som måtte trenge oppfølging, skal få best muleg behandling, og dei skal oppleve overgangen frå Forsvaret si ivaretaking til det sivile hjelpeapparatet som heilskapleg og saumlaus (Prop.73 S, 2012). Eit overordna prinsipp i handlingsplanen er at personell som har behov for oppfølging skal følgjast opp av samfunnet sine ordinære helse- og omsorgstenester og sosialfunksjonar. Dette stiller visse krav også til primærkommunen.

3. Anerkjenning

Kommunen bør vise anerkjenning for den innsatsen veteranene har gjort gjennom si deltaking i internasjonale operasjonar. Det kan vere ulike oppfatningar om grunnlaget for norsk deltaking i krig og konflikt. Uavhengig av dette fortener den enkelte anerkjenning og respekt for viljen til å risikere liv og helse for landet.

Seremoniar og offentlege markeringar er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet si anerkjenning av både innsatsen og den enkelte veteran. Dette bidreg til å ivareta historia og knyter band mellom Forsvaret og samfunnet. Lokale markeringar er av betydning for å femne flest muleg og bidreg til å synleggjere at veteranar også er ein del av lokalsamfunnet.

8. mai er Norge sin frigjerings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å markere anerkjenning for veteranar frå 2. verdskrigen og samtidig trekke linjene fram til dagens veteranar. Minnesmerke etter falne frå 2. verdskrig finst i mange av kommunane i landet, og ein bør vurdere kva praksis ein skal ha for kranspålegg i samband med ulike markeringar. Det kan i tillegg vurderast andre arrangement denne dagen for å vise anerkjenning. Det kan f.eks. vere lunsj for veteranar, føredrag, konsert eller liknande.

FN-dagen 24. oktober vert ofte markert på skulane. Her er det muleg å fortelje om Forsvaret si rolle i FN sine fredsbevarande operasjonar og anerkjenne dei veteranar som har delteke i FN-oppdrag for Forsvaret. Kommunen kan vurdere ei lokal markering av dette ut over det som vert gjort på skular i samband med dagen. Her bør i så fall lokale veteranar inviterast.

Forsvaret sin minnedag vart innført i 2007 etter ønske frå overlevande og pårørende. Denne vert gjennomført årleg første søndag i november. Minnedagen er for å minnast alt personell som har mista livet i Forsvaret si teneste. Dagen vert markert ved Forsvaret sine avdelingar i Norge og utlandet. Kommunen kan vurdere om ein skal ha ei lokal markering, kanskje særleg der det finst lokale minnesmerke.

4. Ivaretaking

Kommunane er ansvarlege for at personar som er busett i kommunen skal tilbydast nødvendige helse- og omsorgstenester. For fastlegar og tilsette i kommunen sine teneste vil det vere viktig å vite at årsaka til fysiske og psykiske helseplager kan vere belastningar i tilknyting til internasjonale operasjonar, også når dette ligg langt tilbake i tid.

Dei fleste veteranar greier seg bra etter teneste, medan nokre vil ha problem og utfordingar som følge av si teneste. Begge desse gruppene vil uansett kunne ha ei positiv oppleving av at kommunen er proaktiv i dei førebyggande tiltaka ein vel å iverksette, og gjennom å sikre kompetanse om veteranar i kommunale instansar.

Ved å opprette ei communal veterankontakt vil ein kunne sikre at kommunane har ei oversikt over hjelpe tiltak, samt forankre kompetansen innanfor feltet.

Kommunehelsetenesta

Alle fastlegar i landet får tilsendt boka «Håndbok i militærpsykiatri» frå Forsvaret som eit ledd i kompetanseoverføring frå Forsvaret til det sivile helsevesenet. Ved å ha kompetanse på dette feltet vil hjelpeapparatet lettare kunne førebygge meir alvorlege problem.

Skule og barnehage

For barn og ungdom vil fråvær av foreldre over lengre tid kunne vere ei utfordring. Foreldra si teneste i krigsområde vil ytterligare kunne forsterke barnet sine reaksjonar. Personell på skular og i barnehagar bør ha kompetanse på dette feltet slik at dei er i stand til å yte den hjelpa og støtta barna treng og vere bevisst denne problematikken, for å kunne førebygge og legge til rette i dei tilfella det

er behov for dette. Skule og barnehage vil vere avhengig av eit godt samarbeid med foreldra. Kunnskap hos dei tilsette vil kunne bidra til dette.

5. Oppfølging

Oppfølging vil alltid skje med bakgrunn i eit definert behov. I denne samanhengen vil det kunne gjelde både veteranen som har delteke i internasjonale operasjoner og familie og pårørande til soldaten.

Forsvaret er pålagt ei oppfølgingsplikt for sitt personell i eitt år etter at dei har kome tilbake frå internasjonal teneste. Dette er ei oppfølging som kjem i tillegg til, men ikkje er meint som ei erstatning for, dei tenester kommunane og andre offentlege etatar skal yte for sine innbyggjarar. Følgjeleg endrar ikkje Forsvaret si oppfølging kommunen sitt ansvar for sine innbyggjarar.

I dei tilfelle der veteraner har fått problem som følgje av si teneste i internasjonale operasjoner, vil dette også kunne få følgjer for deira familie og pårørande. Problematikken kan vere kompleks og involvere fleire kommunale instansar. Samhandling og forståing for dei ulike faginstansane sine betydningar i handtering av komplekse problemstillingar, kan vere viktig for ei heilskapleg oppfølging.

Tiltaksdel av veteranplanen

TILTAK - ANERKJENNING

Seremoniar og markeringar

- Kommunen etablerer eit årleg arrangement for veteranane i kommunen med ordføraren som vertskap. Arrangementet vert lagt til frigjerdings- og veterandagen 8. mai og der veteranar i kommunen vert inviterte.
- Dersom muleg bør veteranane sin familie og pårørande inviterast. Det bør vurderast å la ein veteran halde talen for dagen. Arrangementet kan gjennomførast på kveldstid for å auke oppslutning, og samarbeid med andre kommunar kan vurderast.
- Kommunen bør vurdere å etablere eit veteranmonument.
- Kommunen bør vurdere å delta på markeringa av Forsvarets minnedag, dersom Forsvaret sine regionale avdelingar gjennomfører markering av denne dagen.

Støtte til aktivitetar for veteranar

- Kommunen vil vurdere å gje støtte til lokale aktivitetar i regi av veteranorganisasjonane, for veteranene og deira familiærar.
- Kommunen stiller eigen bygningsmasse til disposisjon for møteverksemد og sosiale arrangement som veteranar tek initiativ til.

TILTAK - IVARETAKING

Førebygging og kompetanseheving

- Kommunen utpeikar ordføraren som veterankontakt. Veterankontakten vil vere kommunen sitt kontaktpunkt for veteranar, andre samarbeidskommunar, aktørar innanfor feltet, samt for Forsvaret.
- Kommunen bør utvikle eit samarbeid med regionale militære avdelingar med tanke på anerkjenning og ivaretaking av veteranar frå internasjonale operasjonar, samt utveksling av erfaringar.
- Kommunen skal opprette ein kontaktperson innanfor pedagogisk/psykologisk teneste (PPT) i kommunen med kompetanse om barn sine mulege reaksjonar på foreldra si teneste i internasjonale operasjonar. Vidare bør det gjevast opplæring til personell i PPT om dette temaet.

TILTAK - OPPFØLGING

- Kommunen sin helsestasjon skal vere merksam på eventuelle behov for ekstra støtte og rettleiing til familiær der eitt familiemedlem er, eller har vore, i internasjonale operasjonar. Helsesøster skal sikre oppfølging av familien, og ha eit særlig auge for barna i familien. Helsesøster kan vere ei god støtte for familien og kan gje informasjon om andre støtte- og hjelpetilbod.
- Helse- og sosialsektoren har ei koordinerande rolle for veteranar ved rehabilitering. Kommunen skal vurdere å etablere ansvarsgrupper ved behov, når tenestene skal samordnast, og sikre at veteranane får eit tilbod som er tilpassa behovet.
- Kommunen kan vurdere å etablere eit lavterskel samtaletilbod hos psykolog eller terapeut for veteraner og eventuelt deira familie og born.